



Til: høyring

Vår ref.
12/6815

Saksh.: Gunnar Elnan
Telefon: 53 67 35 08

Arkivkode
K1-, K2-L00

Arkivsak
11/872-7

Dato:
24.12.2012

Utkast til

STI- OG LØYPEPLAN FOR SYSENDALEN

2013-2025

Innhald

MÅL	side	3
1. FORORD		5
2. RAMMER FOR PLANEN		5
3. DEFINISJONAR OG STATUS		5
3.1. Generelt		5
3.2. Retten til fri ferdsel		5
3.3. Løyve til å leggja til rette		6
3.4. Forholdet til anna plan		6
3.5. Stiar og turveggar		6
3.5.1. Stiar		
3.5.2. Drift og vedlikehald		
3.6. Skiløyper		7
3.6.1. Vurdering av behov		
3.7. Forholdet til grunnleiger		7
3.7.1. Grunneigaravtale		
3.8. Organisering av løypearbeidet		7
3.9. Driftsbudsjett		7
3.9.1. Driftsbudsjett stiar		
3.9.2. Driftsbudsjett løyper		
3.9.3. Øymerka tilskot		
3.10. Inntekter		8
3.10.1. Frivillige og avtalebaserte bidrag		
3.10.2. Spelemidlar		
3.10.3. Fellesgodefinansiering – Turistgebyr		
3.10.4. Utbyggjaravtalar		
3.10.5. Utbyggingsavtalar		
4. BRUKARGRUPPER OG TILRETTELEGGING		9

4.1. Tilrettelegging for rørslehemma	side	9
4.2. Skileikområde		9
4.3. Brøyting/ skiløyper		9
4.4. Idrettslag		10
4.5. Parkering og trafikkmessige forhold		10
4.6. Natur og miljø		10
4.7. Turmål		10
4.7.1. Leirplassar		
4.7.2. Kulturminne		
4.7.3. Toppturar/utkikkspunkt		
5. ANDRE BRUKARGRUPPER		10
5.1. Sykling		10
5.2. Ride og kjørevegar		11
5.3. Hundekjøring		11
5.4. Langrenn		11
5.5. Skuterløype		11
6. NYE LØYPER		11
7. INFORMASJON		12
7.1. Retningslinjer for merking av skilt		12
7.2. Kartverk		12
7.3. Løypemeldingar		12
8. HANDLINGSPROGRAM		13

HOVUDMÅL

Eidfjord kommune skal legge til rette for eit sti- og løypenett i Sysendalen, til beste for fastbuande, hyttefolk og tilreisande på eit berekraftig grunnlag.

Delmål – planmessige forhold

- Denne temaplan skal leggjast til grunn for all planlegging av byggjeområde i Sysendalen.
- Stiar og løyper skal sikrast med eigen arealkategori i alle reguleringsplanar.
- Nye stiar og løyper skal innarbeidast i arealplanar.
- Nye nedfartsløyper (for langrenn) bør ikkje ha større hellingsgrad enn 1:11 (9 %).
- Utbyggjar skal initiere grunneigaravtaler, og opparbeide godkjent alternativ trasé, ved utarbeiding av nye reguleringsplanar og reguleringsendringar som medfører konfliktar med sti- og løypeplanen.
- Framtidige løyper skal der dette er nødvendig verta lagt utanfor eksisterande/planlagt vegnett.
- Eksisterande løyper som følgjer vegnett bør verta flytta til eigen trase der dette er nødvendig.
- Det skal stillast krav til grønne korridorar langs stiar og løyper på 20m i byggeområde jf kommuneplanens arealdel.
- Det skal arbeidast med å sikra tilstrekkeleg parkeringsplassar ved sentrale utfartspunkt.
- Naturen og landskapet, samt miljømessige, kulturelle og estetiske verdiar skal leggjast til grunn ved vurderingar/utvikling av sti- og løypenettet.
- Tilbodet om tilrettelagt friluftsliv for rørslehemma skal verta teke vare på.

Delmål – organisatoriske forhold

- Samarbeid og heilskapstenking mellom kommunen, grunneigarar, hyttevelforbund, næringsliv og frivillige organisasjonar skal ligge til grunn for alt arbeid med stiar og løyper.
- Rådmannen skal arbeida for at det vert inngått driftsavtale mellom kommunen og grunneigarar til den enkelte sti/løype basert på standard avtale (vedlegg 2) med konkrete tilpassingar formulert i avtala.
- Driftsselskapet på alpinanlegget har gjennom driftsavtale med løypelaget ansvar for oppfølging av retningslinjer for drift og vedlikehald av stiar og løyper.
- Driftsselskapet skal ha ein økonomi som sikrar eit løypenett i samsvar med vedtatt standard.
- Handlingsprogrammet skal reviderast årleg, planen vurderast rullert kvart 4. år.
- Konkurrans- og lysløyper skal forvaltast av kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet.
- Det skal inngåast driftsavtale med idrettslag om drift og vedlikehald av konkurranse- og lysløyper.
- Sysendalen skisenter si organisering av innbetaling for frivillig løypeavgift skal vidareførast. Det skal arbeidast med å organisere avtalebaserte bidrag frå bedrifter.
- Sysendalen løypelag skal arbeide for å auke frivillige bidrag frå andre brukar grupper og næringslivet.
- Storleiken på kommunalt tilskot til drift og vedlikehald av løypenettet skal vurderast i den årlige handsaming av økonomiplan.

Delmål – sti og løypetiltak

- Det skal leggas til rette for eit samanhengande og differensiert nett av stiar, løyper og ferdsselsvegar for å kanalisera ferdsel og ivareta natur og miljø.
- Sti og løypenettet skal dekke ulike brukar grupper behov.
- Delar av nedfartsløypene frå fjellet skal utbetrast.

- Det bør utbetrast/etablerast utfartspunkt med god informasjon og parkeringsmoglegheit i dei ulike løypeområda.
- Der det er naturleg bør løypenettet i Sysendalen knytast til DNT sitt løypenett på Hardangervidda.
- Trasear for stiar, løyper og gang- og sykkelveggar skal så langt som mogleg samkjørast.
- Grunnpreparering av hovudløypene kan utbetrast der det er behov. Tilrettelegging og grunnpreparering skal skje med størst mogleg grad av terrengtilpassing. Tilrettelegging skal gjerast så skånsamt som mogleg med jamleg opprydding.
- Sti og løypenettet skal tilpassast for å ivareta opplevingsverdi, kulturmiljø og biologisk mangfald.
- Det skal vera område tilrettelagt for rørslehemma slik at dei kan ha eit godt og variert tilbod for friluftsliv.
- Skilt- og merkestandard skal vera einsarta i samsvar med handbok for merking/skilting.
- Kulturminne kan verta skilta og avmerkt på kart.
- Det skal utarbeidast sti- og løypekart for ski og vandring, med gradering etter vanskelegheitsgrad der dette er ynskjeleg.
- Det bør gjennom bruk av GPS på løypemaskinene, utviklast web-løysing for informasjon om løypestandard og status.
- Løypenettet skal ha sikre kryssingar av Rv7.

1 FORORD

Formannskapet har i sak 142/12 vedteke at det skal utarbeidast utkast til sti- og løypeplan for Sysendalen. Oppdraget til plangruppa er å utarbeida eit utkast til plan som formannskapet skal ta stilling til og leggja ut til offentleg ettersyn før kommunestyret skal fastsetja endeleg plan. Føresetnadene for utforming av temaplan for stiar og løyper kan summerast opp som følgjer:

- Planen skal definera geografisk virkeområde.
- Sti- og løypeplan skal omfatta tilretteleggingstiltak for friluftslivet, og skal danne utgangspunktet for prioritering av nye tiltak utover det som vert omtalt og prioritert.
- Planen skal angi etableringskostnader, drifts- og vedlikehaldskostnader, informasjonstiltak, skilting og merking.
- Planen skal innehalde eksisterande sti- og løypenett, og gjennom handlingsplan vurdere kva nye som skal etablerast eller takast ut, samt fastsetje standard på eksisterande stiar og løyper.
- Planen skal avklare arbeids- og rollefordeling mellom kommunen, løypelag og frivillige organisasjonar når det gjelder tiltak, drift og vedlikehald.
- Etablering av nye og opprusting av eksisterande stiar og løyper, skal skje i nært og regulert samarbeid med grunneigarane og løypelag, og formaliserast gjennom denne plan.

2 RAMMER FOR PLANEN

Denne planen er ein temaplan for stiar og løyper. Handlingsprogrammet med tiltak reviderast årleg. Planområdet er avgrensa av Sysendalen frå og med Storlia i aust til og med Fossatromma i vest med Isdalen og tilstøytande fjellområde utanfor verna område i nord og Skitsete i sør. Arealet til alpinbakkane inngår i planområdet, men planen omhandlar ikkje mogleg utviding og drift av alpinanlegget. Som vedlegg til planen følgjer kart m/ stiar og løyper, tabellar over stiar og løyper, samt dokumenter som er hjelpemiddel for kommuneadministrasjonen i arbeidet med fagområdet.

3 DEFINISJONAR OG STATUS

3.1 Generelt

Temaplan for stiar og løyper er Eidfjord kommunes viktigaste reiskap når det gjelder anlegg, drift og vedlikehald av stiar og løyper i Sysendalen. Det er behov for eit differensiert nett av stiar, løyper og ferdselsveggar for å legge til rette for friluftslivet og bidra til å kanalisere ferdsla for å ivareta natur og miljø. Det er viktig at dette nettet tek vare på opplevingsverdiar, omsyn til kulturmiljø og omsynet til biologisk mangfald. Ein må også ta omsyn til andre brukarar av naturressursane. Utbyggingspress og aukande krav til opparbeidde trasear fører til at stiar og løyper må få eit sterkare vern gjennom arealplanar.

Sti- og løypeplanen inneheld retningslinjer for opparbeiding, vedlikehald og drift av stiar og løyper. Planen omfattar også skilting og merking.

Det er i kommunens interesse at heilskapen rundt sti- og løypenettet fungerer best mogleg. Først og fremst gjelder dette overordna rammer, dernest kjem ansvaret for gode rammevilkår for næringslivet i kommunen. Kommunen vil derfor vurdere å bidra med økonomiske midlar og bistand der dette er mogleg og ynskjeleg.

3.2 Retten til fri ferdsel

Retten til fri ferdsel og opphald i naturen, allemannsretten, er ein historisk rett som er heimla i friluftslova (Lov av 28.06.1957 om friluftslivet med tillegg). Retten er knytt til typen område og ikkje til eigedoms- eller planstatus. Rundskriv T-6/97 om Lov om friluftslivet frå Miljøverndepartementet, inneheld forklaringar og utdjupingar av lova. Som utgangspunkt er det fri ferdsel i utmark, på innmark er ferdsel avgrensa i tida 14. oktober til 30. april.

3.3. Løyve til å legge til rette

Friluftsløvas hensikt er m.a. å avklare forholdet mellom friluftsbuk og grunneigars disposisjonsrett over eigen grunn, og den skal ta omsyn til begge sider. Allemannsretten har reglar som tar sikte på å regulere bruk på ei slik måte at ingen vert skadelidande. Eit klart utgangspunkt for friluftsløva er at dei rettane lova nemner er gratis. Ingen kan ta betaling for retten til ferdsel, opphald og til å hauste bær og sopp. Dersom ein går ut over allemannsretten, må grunneigar gi løyve. Dette gjeld for eksempel motorisert ferdsel i utmark jf. Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10.juni 1977 nr. 82, § 10.

3.4 Forholdet til anna plan

Sysendalen er i fylkesdelplan for Hardangervidda regulert i sone for reiseliv, tilstøytande Isdalen er regulert til sone, stølsdalar og anna utmark.

Karaktertrekk for stølsdalar og anna utmark; Dalfører og skogsområder som ofte er preget av tidlegare stølsdrift med moglegheit for stedsstilpasset nærings- og fritidsbebyggelse.

Karaktertrekk for reiselivssone; Områder med tett fritidsbebyggelse, alpinanlegg og/eller reiselivsbedrifter. Fast bosetting og grønne strukturer preger også.

Arealdelen til kommuneplanen viser struktur for sti- og løypenettet i Sysendalen. I føresegnene til arealdelen heiter det; *Kartfesta løypenett skal ha ein byggjegrense på 20m frå midtlinja i løypetraseen, der det er mogleg å finna betre traseval kan dette vurderast i detaljplan.*

3.5 Stiar og turvegar

Sti- og turvegssystemet i Sysendalen består av eit nett med større og mindre stiar, gang- og sykkelvegar, private vegar og skiløyper. Det er viktig å utvikle og oppretthalde eit samanhengande, variert og gradert nett for ulike gruppers bruk, inkludert informasjon i form av god skilting og merking. Med opparbeiding og merking av stiar og turvegar følgjer det eit ansvar for vedlikehald. Eigarforhold til bruer må og avklarast. Som utgangspunkt vil kommunen inngå avtale med grunneigarane om rett til å anlegga og drifta stiar og turvegar. Tekniske installasjonar kommunen har teke kostnaden med reknast som kommunal eigedom. Vedlikehaldsansvaret må avklarast gjennom avtale for den enkelte sti/turveg.

3.5.1. Stiar

Sysendalens totale stinett er samansett av gang- og sykkelvegar, opparbeida gangstiar og enkle merka stiar. Det er opparbeidd gang- og sykkelveg langs Rv7 mellom Børdølo i aust til Rypebrotet i vest til saman 1782m, og frå Garen over til Liset til saman 1464m. Kommunen har inngått avtale med grunneigarane om sumarvedlikehaldet av gangstien mellom Fet bru og Rypebrotet, denne er 2160m lang. Statkraft har finansiert ein fiskesti på Høl, vedlikehaldet av denne er det grunneigaren som utfører. DNT har og stinett med utgangspunkt i Sysendalen;

- Liset – Simadalen
- Liset – Rembesdalseter
- Liset - Kjeldebu
- Brua sør for Høl – Berastøldalen - Vivelid/Veidalen

3.5.2 Drift og vedlikehald

Stinettet har ein vekslende kvalitet på tilrettelegging, merking og vedlikehald. Det skal i planperioden innarbeidast retningslinjer for drift og vedlikehald av stiar, samt retningslinjer for merking og skilting som skal følgje ”Nasjonale standard for skilting og gradering av turløyper”. Trasear for stiar og løyper skal så langt som mogleg samkøyrast. Gang- og sykkelvegane har kommunen sumarvedlikehaldet på. Om vinteren vert dei preparert som skiløype. Gang- og sykkelvegar langs offentleg veg er i utgangspunktet veigar sitt ansvar så langt ikkje anna er avtalt.

3.6 Skiløyper

Sysendalen sitt totale løypenett er på 81km. Det totale skiløypesystemet i Sysendalen er samansett av eit nett med større og mindre løyper. Eit samanhengande, variert og gradert nett som dekker behovet for forbindelsar og rundturmoglegheiter for ulike gruppers bruk. Det er eit mål å oppretthalde eit variert løypenett når det gjeld prepareringsstandard. Løypenettet er difor differensiert på standard og vanskelegheitsgrad jf. vedlegg 1. Konkurranseløype med særskilte tilretteleggingskrav og lysløyper forvalta gjennom kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet. I samband med behovet for sikker kryssing av vassdrag, spesielt vinterstid med tung løypeprepareringsmaskin, har Statkraft lagt ut røyr i Leiro og i Bjoreio ved Maurset Fjellpark. Disse installasjonane meiner Statkraft er Statkraft si eigedom og ansvar. DNT har og løypenett med utgangspunkt i Sysendalen frå Fet mot Veigdalen. I tillegg er det DNT-løype som kjem frå Kjeldebu – kryssar Rv 7 ved Våkavadet og går inn Bjoreidalen.

3.6.1 Vurdering av behov

Aukande krav til tidleg preparering gjer behov for tilrettelegging i form av avretting/rydding/grusing i traseen. Det er eit generelt ynskje at løyper representerer ei rundløype, både for brukarane og for meir rasjonell preparering. Kryssingspunkt av vegar må derfor ha spesielt fokus og skildrast i den enkelte avtale.

Behovet for sikker kryssing av vassdrag, spesielt vinterstid med tung løypeprepareringsmaskin, gjer at det må vera spesielt fokus på bruer, klopper og liknande. Dette krev avklaring av ansvar for vedlikehald og eigarskap, noko er avklara, men ein samla gjennomgang er naudsynt.

For å knyte seg til løypenettet frå Våkavadet innover Bjoreidalen, kan det vera aktuelt å etablera løype frå Storlia opp til Våkavadet.

3.7 Forholdet til grunneigarar

Grunneigarane har full disposisjonsrett over eigen grunn og er ein sentral medspelar i arbeidet med eit godt sti- og løypenett. Det er derfor viktig med eit godt, og formalisert, samarbeid mellom kommune og grunneigarar. Det offentlige er pålagt ansvaret for at alle skal ha moglegheit til å driva friluftsliv. Inngåing av avtale med grunneigarar må sjåast som ein sikring av ålmentas moglegheit å drive tilrettelagt friluftsliv.

3.7.1 Grunneigaravtaler

Eidfjord kommune ønskjer at ferdsla skal føregå i tråd med allemannsretten og friluftsløva. Det skal føreliggja avtale med grunneigarar for heile sti- og løypenettet. Vedlegg 2 viser standard grunneigaravtale. Denne skal vera utgangspunkt, og det kan avtalast spesielle forhold.

3.8 Organisering av løypearbeidet

Heile sti- og løypenettet må sjåast under eitt. Ansvaret for det praktiske arbeidet med løypene er tillagt Sysendalen løypelag. Løypelaget er samansett av representant frå kommunen, Eidfjord utvikling, Sysendalen hyttevevforbund og grunneigarane. Sysendalen løypelag forhandlar vilkår for drift og vedlikehald av løypenettet med driftsselskapet for alpinanlegget på Maurset. Løypenettet skal så langt det let seg gjera leggast opp som rundløyper for å få mest km løype i forhold til innsats og kr.

3.9. Driftsbudsjett

For å få eit godt oversyn med anleggs- og driftskostnader vil det vera naudsynt å ha ein gjennomgang av omfanget av eksisterande og planlagde tiltak.

3.9.1. Driftsbudsjett stiar

Det er ikkje kommunen som driftar stiar, men kommunen kan yta driftstilskot. Utover dei avtalar Statens vegvesen og kommunen har for drift av gang- og sykkelveg langs Rv7, har ikkje kommunen teke på seg økonomisk ansvar utover kor dette er avtalt i avtale med grunneigarar.

3.9.2. Driftsbudsjett løyper

Utgiftene til løypekøyning dekkast av kommunalt tilskot og frivillige og avtalebaserte bidrag. Kommunestyret har vedteke at det kommunale tilskotet skal tilsvare det private tilskotet, avgrensa opp til kr 150 000. Driftskostnadene med løypeproduksjonen er budsjettert til kr 400 000 (2011).

3.9.3. Øyremerka tilskot

Finst det ordningar å henta tilskot frå??

3.10. Inntekter

Både kommunen, privatpersonar, organisasjonar, hytteeigarar og reiselivsbedrifter er bidragsytarar for at Sysendalen skal ha eit godt sti- og løypenett.

Det vert yt kommunalt tilskot til vedlikehald av stiar der kommunen har påteke seg eit vedlikehaldsansvar gjennom sti- og løypeavtale. Det er eining for kultur som har budsjettansvaret og har kr 50 000 til drift av turstiar, men dette har i utgangspunktet si råde i omfanget av stiar på turkartet for Eidfjord som ikkje omfattar Sysendalen.

3.10.1. Frivillige og avtalebaserte bidrag

Hytteeigarane i Sysendalen får brev med oppmoding om frivillig bidrag til løypekøyning. Det skal arbeidast med å organisere avtalebaserte bidrag frå reiselivsbedrifter og utbyggjarar. Med bakgrunn i rapporter frå løypeområdet kan kommunen endre tilskotsnivå ved den årlige budsjettbehandlinga.

Gjensidigestiftelsen gir tilskot til sti- og løypemerking, skilting og arbeid med inntil 50% av kostnaden under føresetnad av godt samarbeid mellom frivillige organisasjonar, reiseliv, kommune og grunneigarar.

3.10.2. Spelemidlar

I Eidfjord kommune er det eining for kultur som forvaltar spelemiddelordninga. Stiar og løyper reknast i denne samanheng som nærmiljøanlegg når anleggskostnaden er mindre enn kr 80 000. Mens stiar og løyper med ljøs reknast som idrettsanlegg. Nærmiljøanlegg kan det søkjast på finansiering for når som helst, mens større anlegg må inn på prioritert handlingsplan i kommunedelplan for idrett og friluftsliv. Søkarar kan vera kommunar, fylkeskommunar, idrettslag, lutlag eller andre samanslutningar som ikkje har kommersielt formål. For å få spelemidlar vert føresett at det er inngått skiftlig avtale med grunneigarane med ein varigheit på minimum 40 år. For mindre kostnadskrevjande anlegg kan avtaler på minimum 10 år godkjennast. Det vert yt støtte til nye anlegg, til rehabilitering av eksisterande anlegg eller til handikapvennlige anlegg med inntil 50%. Det gis også tilskot til spesielle tiltak.

3.10.3. Fellesgodefinansiering – Turistgebyr

I Ot.prp. nr. 27 (1995-96) legger Miljøverndepartementet til grunn at friluftsløva ikkje gir heimel til å legge avgift på ferdsel i skiløyper, stiar o.l. Likevel ser me ei utvikling der eigedomar som held turområde, men som sjølv ikkje har fått område for utbygging, ynskjer kompensasjon for maskinpreparerte løyper og merka stiar. Dette er ein vanskeleg problemstilling, kor ein på den eine sida kan meine at ei tilrettelegging av ferdsla meir er til

fordel, mens andre meiner at når ein held grunn for tilrettelagt friluftsliv skal ein ha kompensasjon.

Grunnlaget for utbyggjaravtalar må følgje av kommunestyrevedtak som vilkår for godkjenning til hyttebygging/tomtesal. Dette vil for nye hytter erstatta eksisterande frivillige ordning med innbetaling til løypekøyning.

3.10.4 Utbyggjaravtalar

Gjennom utbyggjaravtalane kan det tinglysast hefting på kjøpar av bueininga til å betale årlige bidrag til fellesfinansiering. Utbyggjaravtalar er frivillige avtaler der utbyggjar går med på å bidra med 0,05% av oppnådd pris ved sal av bueining (tomt, hytte, leilegheit og liknande). Avtalen skal sikre at dei som i framtida vil ha nytte av fellesgode også bidrar til finansieringa av disse. Løypelaget er gjennom Sysendalen skisenter, som den formelle organisasjonen, eit organ som kan administrera desse midlane. Omfanget av utbyggjaravtalene vil gi variable eingangsbidrag. Disse bidrag skal nyttas til opprusting, vedlikehald og bygging av eksisterande og nye stiar og løyper.

3.10.5 Utbyggingsavtalar

Gjennom reguleringsplanarbeidet kan det inngåast utbyggingsavtale om finansiering av nødvendig infrastruktur i utbyggingsområdet som er ein direkte følgje av utbygginga (rekkefølgjekrav). Utbyggingsavtaler er aktuelt der det vert stilt krav til gjennomføring av tiltak som direkte- eller indirekte vert utløyst av den enkelte utbygging. Grad av økonomisk yting vert avtalt gjennom dette.

4. BRUKARGRUPPER OG TILRETTELEGGING

Tilrettelegging for fysisk aktivitet og friluftsliv gjennom opparbeiding og drift av stiar og løyper er viktig i eit folkehelseperspektiv.

4.1. Tilrettelegging for rørslehemma

Tilbodet om tilrettelagt friluftsliv for personar med rørslehemming er lite. Sysendalen kan i dag tilby preparert løype i delar av dalen som har slake bakkar. Men det er ikkje løyper spesielt til passa rørslehemma.

4.2. Skileikområde

Skileikområde er område der barn kan leike på ski og utvikle sine ferdigheiter. I dag er det bornetrekke i alpinbakken som er tilrettelagt. Elles ligg det til rette for utvikling av skileikområde i område avsett til ljosløype på Høl og elles i friområde i regulerte hytteområde. I utbyggingsområde med tett utnytting bør det i detaljplan setjast av område for skileik. Innhaldet i kvart område vert avgjort av dei moglegheiter terrenget byr på og kva ressursar som er tilgjengelig for preparering av skileikområda. Det vert elles vist til kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet.

4.3. Brøyting/ skiløyper

Traseane for vinterløypene er noen steder lagt til støls- og hyttevegar. Dette har tidligare vore anset som positivt da det her kan preparerast og leggest spor sjølv om det er lite snø, samtidig som det er praktisk og ressursparande. På grunn av aukande tal hytter og ønske frå hytteeigarar, har det dei seinare år vore ei aukande tendens til at slike vegar blir brøyta. Ein bør ut frå dette unngå å legge framtidige løyper til slike vegar. Veg og løype bør vera skilt og det bør vera minst mogleg kryssing veg/løype.

4.4. Idrettslag

Preparering og vedlikehald av konkurranseløyper og ljosløyper sikrast gjennom driftsavtaler med driftsselskapet for løypepreparering. Idrettslaget har signalisert at dei ikkje ynskjer å ta på seg ansvaret for å byggje og drifta ljosløype på Høl. Kostnad med etablering og drift gjer det naudsynt at det er ein solid organisasjon med tilstrekkelege menneskelege og finansielle ressursar som står bak eit initiativ for ei ljosløype.

4.5. Parkering og trafikkmessige forhold

Bruken av sti- og løypenettet i Sysendalen gir utfordringar med tryggleik knyt til parkeringsbehov, lokalisering av tilkomst frå veg til parkeringsareal og hensiktsmessig lokalisering av kryssingspunkta mellom løypetrasear og vegar. Som tematisk plan har sti- og løypeplan ikkje nødvendige juridiske virkemidlar for å løyse disse utfordringane. Konsekvensar må utgreiast og nødvendige tiltak på det offentlige vegnettet og sti-/løypenettet må ivaretakast i reguleringsplan. Nødvendige tiltak både på sti-/løypenettet og veg skal sikrast gjennom juridisk bindande rekkefølgjekrav i arealplanane. Mindre tiltak kan gjennomførast utan planendring.

I delar av vintersesongen er det ikkje tilstrekkeleg parkeringsareal ved utfartsstadene. Forhold rundt tilstrekkelig parkering innarbeidast gjennom reguleringsplanarbeidet. Det er spesielt peikt på øvst i Stakseng, Fet, Maurset og Leiro, som lokalitetar der dette kan vera ein problemstilling.

4.6. Natur og miljø

Sjølv om det er eit ønske om tilrettelegging blant dei store brukargruppene, så er det også nokon som ønskjer urørt natur. Det er lagt lite vekt på at også urørte område og ”villmark” er eit aktivum for ein reiselivskommune. Sysendalen ligg omkransa av fjell som er definert som villreinens leveområde. Omsynet til villreinen og mogleg forstyrring må vera med i vurdering av drift av eksisterande og etablera nye løyper. Dette gjeld spesielt løypa inn til Leirhalsen, i dette området har det vore villrein om vinteren dei 3 siste åra. Det kan vera naudsynt å etablera rutinar for at løypa ikkje skal preparerast noko likt ordninga for brøyting av Rv7. Utviklinga tilseier aukande krav til både kvantitet og kvalitet på sti- og løypenettet. Det vil derfor bli ein utfordring å kombinere dette kravet med ønsket om å bevare natur- og miljøkvalitetar. Større og betre løyper fører til meir bruk og auka ferdsel. Fleire menneske i løypene over lengre periodar fører til meir uro av dyrelivet. Samtidig vil sti- og løypenettet vera med å kanalisera ferdsla vekk frå eller gjennom viktige viltområde.

4.7. Turmål

4.7.2. Kulturminne

"Kulturminne, kulturlandskap og bygningar" kan registrerast og bli skildra/ avmerkt på turkart. Nokre kulturminne kan vera viktige turmål og det kan setjast opp infomasjonstavler ved disse.

4.7.3. Toppturar/utkikkspunkt

Topper er viktige turmål. På nokre av dei bør det setjast opp infokart som viser kva du ser. Grytehogi, Leirhalsen og Vesle Ishaug har bok der ein kan skriva seg inn. Definerte toppturar bør ha merka løyper/stiar for å visa ein sikker trase.

5. ANDRE BRUKARGRUPPER

5.1. Sykling

Sykling er ein aktivitet som vert meir og meir populær. Syklar vert meir robuste og kan i større grad brukast i terrenget. For å unngå terrengskader er det ønskeleg at delar av stinettet er tilgjengeleg for sykling. Dette tilbodet bør og vera ein del av eit alternativ for å bruka

riksvegen. Det kan og vera aktuelt å leggja til rette spesielle trasear/løyper til føremålet, t.d. kan alpinbakkar nyttast på barmark.

5.2. Ride og kjørevegar

Friluftsløven heimlar riding etter stiar og vegar i utmark, mens det på fjellet er tillate å ri over alt. Kjøring med hest skal skje etter vegar der grunneigar har gitt sitt løyve. Det har ikkje vore tilbod om organisert riding i Sysendalen. Dette er ein aktivitet som kan koma i konflikt med andre brukargrupper. Riding bør derfor kanaliseras til egne trasear, der konflikter og terrengslitasje kan minimaliserast.

Sti og løypeplanen omfattar ikkje grunneigaravtaler, tilrettelegging og informasjon knyt til bruk av hest. Det vert oppmoda til at næringsaktørane i samarbeid med aktuelle grunneigarar arbeider med ein organisering innan dette området.

5.3. Hundekjøring

I denne samanheng er hundekjøring definert som aktivitet som skjer med hund(er) med pulk eller slede. Hundekjøring er en relativt utbredt idrett og bør derfor skje etter egne løype/trasear for hundekjøring. På grunn av stor slitasje på prepareringa bør den heller ikkje utførast i lysløyper eller i konkurranseløyper. Trening av konkurransehundar bør skje i eigen hundeløype. Anna bruk av hund i marka er tillate og hundehaldar plikter å halde seg etter lovgiving og politivedtekter, særleg reglane om bandtvang. Det er viktig at hundehaldarar er bevisst det ansvar det er å ha med hund i fjellet.

Sti og løypeplanen omfattar ikkje grunneigaravtaler, tilrettelegging og informasjon knyt til bruk av hund. Det vert oppmoda til at næringsaktørane i samarbeid med aktuelle grunneigarar arbeider med ein organisering innan dette området.

5.4. Langrenn

Langrenn vert definert som skiløp der deltakarane konkurrerer på tid. Langrenn bør føregå i konkurranseløyper eller ljosløyper. Ein skal unngå å legge konkurransar etter turløyper, men unntak kan gjerast. I konkurranseløypene skal arrangøren skilte når det føregår konkurransar og turgåarar skal, om mogleg, ledast utanfor løypene der konkurransen føregår. Dersom turfolk går i løyper med konkurranse skal turfolket vise tilbørlig omsyn og ikkje vera til hinder for gjennomføring av konkurransen. Når det arrangerast konkurransar i det ordinære sti- og løypenettet skal arrangør sørge for tilstrekkelig informasjon til turgåarar. Trenande bruker turløypenettet slik det er preparert og må ta omsyn til turfolket til tider med stor utfart.

5.5. Skuterløype

Det er i dag ein del køyring med skuter etter løypetrasear. Skutertransport bør i så liten grad som mogleg skje i skiløyper og det bør etablerast egne trasear for skuter. Men samstundes må det aksepteras at naudsynt næringstransport i form av ervervsløyve/næring kan føregå i løype. Transporten skal ikkje føregå i skispor, men på sida.

I tillegg er det ynskje om eigen bane eller løype for skuterkøyring. Kommunestyret sette av kr 20 000 i budsjettet for 2012 til komitéarbeid for å sjå på moglegheita for å etablere ei skuterløype, desse midlane vert overført 2013.

6. NYE LØYPER

Etablering av nye stiar, turvegar, skiløyper og parkeringsplassar følgjer ordinære arealplanprosessar. Sti og løypeplanens kartdel angir dei løyper som planen forvaltar. Nye og endra trasear vert å leggja inn ved rullering av handlingsprogrammet. Før fysisk opparbeiding av stiar og skiløyper, må det liggja til grunn avtale med kvar enkelt grunneigar. Nye stiar og løyper må avklarast i ein overordna arealplan. Der planen vert lagt gjennom eit område med motstridande arealbruksinteresser skal konflikter og løysingar avklarast gjennom ein planprosess. Dette vil også bidra til å sikre løypetraseen i forbindelse med ein eventuell

framtidig utbygging. Opparbeiding av løyper som krev større terrenginngrep er søknadspliktig etter plan- og bygningslova.

7. INFORMASJON

7.1. Retningslinjer for merking av skilt

God skilting og merking gir trygt friluftsliv. Skilta skal hjelpe turgåarar inn i, på tvers av, og ut av sti og løypenettet. Standard skilting og merking skal brukast i samsvar med handbok for skilting og gradering.

7.2. Kartverk

Det bør verta produsert eit turkart over stiar og løyper for Sysendalen. Kartet bør innehalda informasjon om den enkelte sti/løype, kor det er parkering, turforslag, vise tilkopling til DNT-løyper, utkikkspunkt, info om fjellvett, skutertrasear, bandtvang, m.m. Kartet er også ein moglegheit for næringslivet i bygda å marknadsføre seg.

7.3. Løypemeldingar

Den kommunale turistinformasjonen og www.sysendalen.no mottar løypemeldingar frå ansvarleg for løypeprepareringa. Ved hjelp av GPS på prepareringsmaskinene og internett, opplyses publikum om standard.

8. HANDLINGSPROGRAM

Handlingsprogrammet skal reviderast årleg av kommunen i samarbeide med løypelag/driftsselskap, grunneigarar og hyttevevforbundet. Handlingsprogrammet vert delt i prioritert og uprioritert del, prioritert del omfattar tiltak som skal gjennomførast i løpet av dei neste 4 åra.

Prioritert liste:

TILTAK	KOSTNAD	ÅR	PRIORITET/ANSVARLEG/MERKNAD
Sjå på moglegheita til løype etter trase for gamle bygdavegen frå Fet mot Høl		2013	Synfaring der grunneigarar, løypelaget, kommunen og Hordaland fylkeskommune deltek. Løypelaget tek initiativ til synfaring. Ansvarleg: løypelaget
Preparert løype frå Storlia langs Rv7 til Våkavadet i perioden frå vinterferien		2014	Løypelaget tek dette med i drøfting av driftsavtale. Delfinansiering frå turisthyttene. Ansvarleg: løypelaget
Omlegging av parkeringsplass og løype vest for Maurset		2013	Mindre sak som gjeld å flytta parkeringsplass nærare Rv7 for å gje plass til skiløype på innsida mot lysmaster. Ansvarleg: løypelaget
Offentleg parkering, Stakkseng		2013	Ordførar har ansvar for avtale med grunneigar, kommunen ansvarleg for opparbeiding og driftsavtale
Sikra kryssing av Leiro		2014	Ein permanent løysing for kryssing som kan brukast på lite snø. Statkraft er eigar og regulant med ansvar
Sikra kryssing av Bjoreio ved Fjellparken		2014	Ein permanent løysing for kryssing sumar og vinter. Statkraft er eigar og regulant med ansvar
Sikring av undergangen av Rv7 ved Bruskarva		2013	Hyttevevforbundet føl opp saka ovanfor Statens vegvesen
Legge om løypa frå gangbrua ved Maurset sør for Fjellparken		2013	Krev ny trase frå gangbrua langs Fjellparken til løypa på sørsida av Fjellparken. Ansvarleg: løypelaget
Detaljplanleggja løype mellom Liset over Træet til Fosli og Isdalsløypa		2013	Krev synfaring, grunneigaravtalar, tilrettelegging. Ansvarleg: løypelaget
Vidareføre løype/gang- og sykkelvegen på nordsida av Rv7 austover frå Maurset til Bruskarva		2014	Det eksisterer godkjent reguleringsplan. Tiltaket krev utbetring av trase langs Rv7. Statens vegvesen må involverast. Ansvarleg: kommunen

Uprioritert liste:

TILTAK	PRIORITET/ANSVARLEG/MERKNAD
Løype Storlia-Maurset sør for Bjoreio	Tiltaket krev grunneigaravtale, kryssing av Bjoreio aust for Sjursløken
Løype Høl-Rv7-Fosslivegen	Tiltaket krev synfaring, grunneigaravtale og detaljplanlegging
Løypekart	Løypekart bør produserast når sti- og løypenettet har funne sin permanente løysing

Offentleg parkering v/Leiro	Kommunen tek dette med i reguleringsplan for området
Offentleg parkering ved Maurset	Kommunalt ansvar å følgja opp i samband med reguleringsplan